

Sykkylven sokneråd

**Møte i Sykkylven sokneråd 8. november 2016**  
**Stad: Sykkylven kyrkje, kyrkjekjellaren kl. 20.00**

Til stades:

Torbjørn Støylen, Helge Standal, Arild Sporsheim, May Lisbeth Aurdal, Monika Breivik, Janne Svindseth, Liv Hole, Bjørg Djupvik Grebstad og Knut Henning Aursnes.

**Sak 33/16 Godkjenning av innkalling og sakliste**

*Innkalling og sakliste vart godkjent.*

**Sak 34/16 Godkjenning av referat frå møte 06.09.2016**

*Referatet vart godkjent.*

**Sak 35/16 Kjøp av projektor til kyrkjestova**

Det er i dag ein projektor og lerret i kyrkjestova. Det har kome ynskje om ein ekstra projektor og lerret. Det er også ynskje om LED-lys til bruk ved ungdomssamlingar.

*Vedtak: Soknerådet ber kyrkjeverjen om å skaffe nødvendig utstyr.*

**Sak 36/16 Utsmykkingsprosjekt i kyrkja**

Det var drøfta status og framdrift av utsmykkingsprosjekt i kyrkjekjellaren, våpenhuset og kyrkjesalen. Soknerådet vil følgje opp framdrifta og arbeidet på disse prosjekta.

*Vedtak: Soknerådet ber utsmykkingsnemnda utarbeide eit forslag til utsmykking og møblering av våpenhuset.*


**Samtale om fellessamlinga den 18.november:**

Stab og sokneråd møter i Ikorntes Kyrkje kl. 18.00. Fellessamlinga varer til kl. 22.00.

Soknerådet samtalte om fellessamlinga og kom med innspel om kva Sykkylven Sokneråd skal ha med til fellessamlinga med Ikorntes Sokneråd. Soknerådet ønskjer at Trygve Ebbesvik leiar fellessamlinga. Torbjørn Støylen, Arild Sporsheim, Monica Orre og May Lisbeth Aurdal dannar ei gruppe og arbeider vidare med innspela og planlegg arrangeringa av fellessamlinga.

**Orientering:**

- På neste møte den 6. desember skal vi ha val av leiar, nestleiar og referent.
- Arild Sporsheim har informert AU i soknerådet om at kunstnar Veslemøy Nystedt Stoltenberg kjem på besøk til Sykkylven kyrkje den 15.november. Ho skal sjå på om ei mogleg utsmykking av lysspaltene og gesimsane. Vi kjem tilbake til dette ved seinare høve, då med eit eventuelt utkast og også pris.



## Sykkylven sokneråd

- Biskopen kjem på besøk den 7. til 12. februar 2017. Staben saman med prosten har bestemt at Visitasgudstenesta skal vere i Ikorntnes Kyrkje. Det skal vere møte med sokneråda for Sykkylven og Ikorntnes den 7. februar 2017.
- Det er anbefalt at medarbeidarar og medhjelparar som arbeider med barn og unge skal ha gyldig politiattest. Kyrkjevevjen startar med å utarbeide retningslinjer for innhenting av politiattest for medarbeidarar og medhjelparar i Sykkylven og Ikorntnes kyrkje.
- Det har vore nokre rundar vedkomande kor mange dåpar det skal vere i kvar Gudsteneste. Tidlegare har det vore eit tak på fire dåpar, men Soknepresten har bestemt at det ikkje lenger skal vere eit tak.
- 20. november er ein spesiell dag i den Eritreisk Ortodokse Kyrkja. Den 19. november skal det vere gudsteneste heile kvelden i Volda kyrkje. Dei ønskjer å fortsette i Sykkylven kyrkje den 20. november frå kl. 05.00 til kl. 09.00. Soknerådet ser positivt på dette og ønskjer dei lukke til med dagen.
- Misjonsutvalet for Sykkylven og Ikorntnes sokn har hatt møte, der dei mellom anna gjekk gjennom misjonsprosjekta som utvalet har hatt tidlegare. Det vart lagt fram for soknerådet et forslag til mandat for felles misjonsutval for Sykkylven og Ikorntnes sokn. Til neste soknerådsmøte vert det lagt fram forslag til misjonsprosjekt. Soknerådet vil ta stilling til mandatet til misjonsutvalet saman med forslag til misjonsprosjekt neste soknerådsmøte.

### Møteplan 2016:

Dato	Aktivitet
18.november	Strategisamling for sokneråda i Ikorntnes og Sykkylven og staben
6. desember	Misjon. Val av leiar, nestleiar og referent Givarteneste

Referent: Knut Henning Aursnes